

From: David Eidså <eidsa86@gmail.com>
Sent: fredag 3. februar 2023 06:32:09
To: Postmottak Vanylven
Subject: Fwd: Motsegn - plan for Småstranda næringsområde

----- Forwarded message -----

Fra: **stein eidsaa** <stein.tony.eidsaa@gmail.com>
Date: tor. 2. feb. 2023, 20:38
Subject: Motsegn - plan for Småstranda næringsområde
To: David Eidså <eidsa86@gmail.com>

Motsegn - plan for Småstranda næringsområde

Eg er sterk imot at det skal regulerast eit næringsområde i Småstranda.

Eg vil påpeike at dette tenkte næringsarealet ligg i eit område med hytter, friluftsliv og sjødrift, og området er lite eigna som næringsområde plassert på ein vêrutsatt stad. Det ligg også i eit aktsomheitsområde for ras.

Området er eit LNFR-område som i dag blir nytta av personar som oppheld seg i og ved hyttefeltet i Småstranda (og andre, området ligg skjerna til). LNFR-områder har eit totalforbod i å byggje noko i. Området ligg ikkje inne i gjeldane arealplanar som næringsareal i kommunen.

Søker du opp Småstranda på Google, trykkjer på maps, vel satellitt som karttype og zoomar inn så ser du raskt at det ligg eit båt i stranda og det er personar på land. Det er ikkje rett det som Norconsult skriv at området ikkje er nytta til friluftsliv. Området både på land og på sjøen blir nytta til friluftsliv og fiske. Mange har kosa seg i sjøkanten der i t.d. kajakk, og i stranda, og det blir sett krabbeteiner der. Fiskebåtane er ivrige etter makrellen om sommarane. Det brukar å vere mange brunkar (stimar) med pir/makrell langsmed land.

Småstranda ligg svært vêrutsett med storhavet inn frå vest. Bårene har sterke krefter i seg som kan forårsake store skader på det som ligg til sjø. Fleire gongar har nedre del av hyttetomta vår, som ligg under 300 meter ifrå det tenkte næringsområdet mot sør, blitt utsett for kreftene frå naturen og store øydeleggingar har blitt resultatet. Orkan øydelegg. Kva skjer då med ei steinfylling / utfylling som stikk langt utifrå land (90 meter ut frå stranda med næringsareal + næringsareal på land + ca 50 meter med fylling/plastring for å halde næringsarealet «på plass») ? Korleis skal dei som skal laga til dette tenkte næringsområdet klare å beskytte næringsarealet mot sjøen slik at havet ikkje tek steinen før arealet er ferdigstilt ? Det tenkte næringsområdet er enormt. Ikkje er alt arealet på sjøbotnen sjekka heller. Den ytterste delen og den sørlege delen mot hyttefeltet har ikkje blitt sjekka ved hjelp av grunnboring. Dette må kommunen sørge for blir utført før noko som helst kan settjast i gang. Orkan og vind med orkan i kasta har blitt normalen kvart år i vintermånadane.

Det er snakk om skytemasse frå Stad Skipstunnel skal nyttast for å byggje næringsareal i Småstranda. Skytemasse frå tunnelsprenging inneheld lite stor stein. Dette kan alle skytebasar med erfaring frå tunneldrift fortelje. Stor stein må til om arealet ikkje skal bli teke av sjøen. Skytemasse ved tunnelskyting består storparten av stein av storleik støv, singel, pukk og småstein. All denne skytemassen skal sorterast før bruk. Den skal vere rein for forureiningar (skytestimlar, plast, støv mm) og storleiken på steinen må sorterast slik at rett storleik kjem på rett plass. Ikkje er det så mange 2,5 til 3,5 tonn store blokker å finne i skytemassa som kan nyttast til plastre sidene, slik at steinen som er mindre innforbi held seg på plass og ikkje blir teke av sjøen + at muresteinen må liggje godt og ikkje bli skylt vekk. Det blir kostbart å sortere steinen og dyrt å kjøpe «murestein» om ikkje nok stor stein som kan nyttast er å finne i skytemassen. Alle dei små partiklane i skytemassen må også fangast opp slik at den ikkje får fritt spelerom i sjøen og kan tette gjellene til fisk. Når gjellene ikkje er av tilfredsstillande kvalitet /tette så døyrr fisken. Likeså er det med anna liv i sjøen : klarer dei ikkje å puste så døyrr dei. Det er forresten ikkje så rart at Norconsult ikkje observerte så mykje fisk når dei held på med undersjøisk kamera. Dyr i naturen er skvetne og aktsame. Det må dei vere skal dei overleve.

Det å nytte skjørt for å samla opp steinstøv er eg skeptisk til vil fungere godt nok når skjørtet må gå heilt rundt det tenkte næringsarealet festa i land både sør og nord for næringsarealet. Ikkje berre blir det eit langt skjørt i meter, men det skal ligge tett til botnen i heile si lengde, halde seg på plass i ruskevêr og når store båtar fer forbi, når det er sterk straum i sjøen og når lekter på lekter kjem for å levere steinmassar frå Stad Skipstunnel. (Dersom det blir lekter som fraktar skytemassen til det tenkte næringsarealet.) Korleis skal lektarar koma seg inn utan å forårsake ei spreiding av småfragmentert stein ? Ei opning for å sleppe inn lektarar som kjem med skytemassen vil føre til at småfragmentert stein kjem på utsida av skjørtet og skadar det marine livet, og propellaktivitet frå båtar vil spreie det som ikkje skal spreiest over eit stort område...

Akselrasjonsfelt må på plass FØR oppstart av bygging av næringsarealet tek til dersom skytemassen skal fraktast til Småstranda på lastebilar. Tungt lasta lastebilar (sannsynlegvis med hengarar for å redusere tal turar og effektivisere transporten) tek tid for å redusere farta før dei kan svinge av hovudvegen og køyre ned til næringsområdet for å tippa skytemassa. Og ein lastebil med hengar treng litt tid for å kome seg inn på hovudvegen att etter at lasta er levert. Tømming av skytemasse genererer mykje av både støy og støv. Korleis skal det forhindrast at støv spreier seg i naturen – på / i sjøen ? Korleis skal utbyggaren sørge for at aktiviteten på byggeplassen har akseptable verdier for støy ? Kva type skjerming av støy som skal nyttast står det heller ikkje eit ord om i dokumenta. Og dokumentmassa er stor.

I nærleiken av Småstranda er det registrert raudlista ærfugl og fiskemåke. Det er også registrert kritisk trua hettemåke i området. Langs heile sjølinja er det raudlista sukkertare. Ørna hekkar i området og nyttar granene der som observasjonspostar. Viktig gyteområde for kysttorsk er det også. I taesekogen er det tusenvis av ulike organismer og matfat for mange typar fisk. Me har fiska krabbe, hummar, havål, breiflabb, lyr, hyse, torsk, lange, sei, knorr, makrell, svarthå, blåstål, kviting, skate og raudspette i nærleiken av Småstranda. Barn i alle aldrar har fanga bl.a

småkrabbar, sjøstjerner og småfisk i fjøra. Dette naturmangfaldet frå / i havet og på land ønsker me å behalde. Området har høg rekreasjonsverdi for alle som nyttar området.

Forureining : Skipsskrog er dei store syndarane i spreining av havnespy. Denne japanske sjøpungen som spreier seg nordover i stor fart i Noreg. Ved etablering fortrenger den alle artar og har evne til å forandre heile økosystemet der den veks. Den har i dag spreidd seg til Gulen kommune frå Sørlandet i løpet av få år. Elles skal det tenkte næringsområdet byggast med helling slik at overskylling av sjø renn uti havet att. Denne sjøen vil i same slengen ta med seg forureining som er på området av t.d spillolje, hydraulikkolje, drivstoff, plast o.l..

Eg ønsker verken å sjå, høyre eller lukte at det er eit industriområde så tett ved hytta vår. Slik planane ser ut no vil eg sjå det meste av næringsarealet frå hytteveggen og heile næringsarealet med veg opp til hovudvegen frå moloen vår/naustet vårt. Kjem det eit næringsareal, så både forventar og **krev** eg at det kjem inn i plankart at alle yttergrensene av dette næringsarealet får ein visuell skjerm i form av vollar som er beplanta med tre. Då slepp eg å sjå så mykje av det og eventuell støy vil bli redusert.

Lyd fer langt på / ved sjøen dersom ikkje noko tvinger lyden i å endre retning. Støyskjerming må også vere på plass i byggeperioda. Eg er sterkt plaga med tinnitus etter ein yrkesskade i oktober 2009. Dette gjer at eg slit med å sove, og eg set svært høgt det å vere i Småstranda, ved sjøen, for der finn eg roa og klarer å sove bittelitt ekstra i høve til dei få timane eg til vanleg søv på ei natt. Om natta MÅ eg ha ro. Eg forventar at det blir gjort støymålingar over ei lengre periode ved ei eventuell byggeperiode for å sjekka skikkeleg at støyen er akseptabel og at det blir sett i gang tiltak straks dersom målingane viser uakseptable verdier. Denne målinga er ekstra viktig å utføre når vinden kjem frå nord (næringsområdet). Støy triggjar tinnitusen, slik at den blir høgare. (Og resultatet blir migrene for meg.) Eg har 4 lydar i hovudet konstant. Det betyr heile døgnet. Eg merkar alt godt lyd frå Sybelco, båttrafikk, steinbrotet i Småstranda, oppdrettsanlegg på den andre sida av fjorden og kjøleagregata til trailarar oppå snuplassen. Det er heftig å tenke på at det kanskje vil komme ei støykjelde til ifrå nord óg ...

Næringsarealet er svært dominerande og stort i landskapet og ikkje akkurat eit trekkplaster for turistar. Det vil ikkje gje eit godt inntrykk av kommunen, som har som mål å lokke til seg turistar, at kommunen etablerer næringsareal få km frå tunnelopninga til Stad Skipstunnel. Det bør reduserast mykje i lengda utifrå land og aller helst takast heilt vekk. Strandlinje og urørt natur blir meir og meir verdifullt, og det er det turistane etterspør. Landskapet vil bli svært endra og bryte med dagens landskap.

Det tenkte næringsarealet er ekstra ruvande og dominerande i landskapsbildet sidan det er stor skilnad på flo og fjøre + at det må hevast for å sikre området mot havet/bølger. Fare for stormflod (som er normalt i perioda desember – februar) er ikkje vurdert av Norconsult sidan dei meiner at det bør gjerast av fagfolk. Er det blitt utført ? Og bør ikkje det utførast ved orkan + fullmåne ? Eit næringsområde med kai bør ikkje byggast på ein så vêrutsatt stad som Småstranda.

Dersom du studerer det første av dei 3 visualiserte bilda av næringsområdet svært nøye så ser du så vidt hyttetomta og moloane våre heilt til høgre i det første bildet. Eg måtte verkeleg sjå godt etter for å oppdage det. Det viser berre kor gigantisk og dominerande dette næringsområdet blir dersom det blir laga etter det som er skisert. Det vil dominere denne urørte strandsona som er nesten 2 km lang. Den foreslåtte tillatte høgda på bygg som kan bli sett opp på næringsarealet er 11 meter. Det tilsvarer bustadblokker på 4 etasjer. I tillegg kjem høgda på næringsarealet opp ifrå havoverflata. Det er svært skuffande at lokalpolitikkarane i Vanylven kommune har sagt ja, og dermed godteke, desse planane. Kven av politikarane ville hatt eit næringsområde av denne dimensjonen, og så dominerande, som nærmaste nabo ?

Det må nyttast ikkje-reflekterande material i konstruksjonar og bygningar på næringsområdet dersom det blir realisert, og det må inn i plandokumenta. Det vil hjelpe mot inntrykket næringsarealet gjev frå sjøsida og land.

Eg reknar det som sjølv sagt at det ikkje blir teke meir areal enn strengt tatt nødvendig og ikkje lenger utifrå land enn nødvendig. Alle vegetasjonssoner + visuell skjerming må inn i plankart slik at det er like godt kamuflert om 20 år dersom det kjem.

Det må på plass akselasjonsfelt inn og ut av næringsområdet på hovudvegen. Det er eit snitt på nesten 1000 køyretøy per døgn per år på hovudvegen. Denne trafikkmengda er svært ulik på dei ulike årstidene. I turistsesongen er mengda trafikk betrakteleg større enn i vinterhalvåret. Dette gjeld både personbilar og tyngre køyretøy. Mykje av trafikken inn og ut av eit industriområde brukar tid for å komme opp/ned i fart. Det vil redusere trafikkfaren ved å ha akselasjonsfelt både sør for og nord for innkøyringa til det tenkte næringsområdet.

Tidlegare har det berre vore snakk om at skytemassa skal leverast med / frå leker. **Det står ikkje eit ord om korleis skytemassa skal fraktast i alle dokumenta som følger 1.høyring** ! Korleis skytemassen skal koma seg til Småstranda påverkar enten vegnettet eller aktiviteten på fjorden i stor grad. Dette MÅ avklarast !

Det står heller ingen stad kor mykje dette tenkte næringsområdet kjem til å kosta kommunen i kroner. Er det laga eit budsjett for dette arbeidet ? Det er ledig kapasitet i dag på eksisterande næringsområder. Det er med andre ord ikkje behov for nye næringsareal i kommunen.

Får Vanylven kommune nok stein ? Får kommunen stein i det heile, og av god nok kvalitet ? Er det realisme i prosjektet ? Får kommunen nok stein til å fullføre prosjektet ? Ingen ønsker å ha noko som er halvgjort, til store kostnader og mykje arbeid, som ikkje kan nyttast der prisen er eit område som blir øydelagt og pengar «kasta ut av vindauget». Det må vere eit krav at alt er kvalitetssikra før eit så inngripande prosjekt blir starta, og at den/dei ansvarlege kan seie med 100% sikkerheit at :

- Ja, me får nok stein av rett storleik.

- Ja, me veit korleis all skytemassen kjem seg til Småstranda, og me har sikra enten fjorden for **trygg transport** (om det blir via lekter) og/ eller vegnettet (om det blir via lastebil)
- Ja, me er sikre på at INGEN dyr eller planter, verken på land, i lufta, ved sjøen eller i sjøen blir skada.
- Ja, me veit at næringsområdet er så godt laga at storhavet og / eller vind ikkje vil øydelegge, skade eller forskyve noko både under oppføring og seinare ved bruk.
- Ja, me veit og er trygge på at alle som skal kontrollere at alle reglar og påbod blir følgde, HEILE tida, både under utvikling av området og etterpå, gjer jobben sin.
- Ja, me veit og kan garantere at ikkje noko /nokon blir utsette for forureining under arbeidet for å laga næringsområdet og etter at næringsområdet er ferdigstilt. Dette gjeld bl.a overvatn, spillvatn og plast.
- Ja, me har gjort **grundige** undersøkingar når det kjem til plante- og dyreliv i Småstranda.
- Ja, me veit og kan garantere at ingen i hyttefeltet blir plaga av verken støv, støy, lukt og lys under arbeidet med å laga næringsområdet eller når næringsområdet blir teke i bruk. (At all støy er aksaptabel, at det er natt- og helgero og at lys ikkje er retta mot hyttefeltet.)
- Ja, me kan garantere at dei som er i hyttefeltet får sova godt om nettene og at arbeid på området ikkje skjer mellom 22.00 og 07.00 om kvardagane og ikkje i helgane. T1442 vil bli nytta.
- Ja, me kan garantere at INGEN framande og uønska organismar/dyr kjem til Småstranda pga næringsaktivitet (deriblandt havnespy).
- Ja, me kan garantere at det ikkje vil oppstå trafikkfarlege situasjonar pga næringsområdet si utkøyring.
- Ja, me kan garantere at kommunen vil kompensere for økonomisk tap ved eventuelt sal av eigedom slik som Andreas Chr. Nørve, kommunedirektør, sa kommunen vil gjere under folkemøtet på Åheim 30.3.2022.
- Ja, me skal gjere alt me kan for å nytte minst mogleg areal mot hyttene og ut i sjøen, og me skal laga jordvollar som er **tett beplanta** med tre for å redusere støy og innsyn.

Eg er imot at det skal komme eit næringsområde i Småstranda. Det vil øydelegge strandlinja, øydelegge området visuelt, skade det marine dyrelivet i området og det vil tilføre enno ei støykjelde til eit etablert over 30 år gammalt hyttefelt. Det vil også redusere verdien på hytteeigedommane. Kven er det som vil kjøpa ei hytte som ligg så nær eit så dominerande og stort næringsområde ? Det er ikkje vanleg å plassere eit næringsområde rett ved eit etablert hyttefelt. Det vil redusere trivselen når eg er på hytta i framtida og kvaliteten på tida eg er der dersom det tenkte næringsområdet blir realisert.

NEI TAKK !

Eg ønsker ikkje at det skal koma eit næringsområde i Småstranda – ikkje eit lite – ikkje eit stort - og absolutt ikkje eit næringsområde som er så dominerande og ruvande som planane forespeilar oss !

David Eidsaa

Ålesund 0202.2023

(Etter avtale med Magritt Kile Slåke)